



Frode Bu står på med byggeprosjekt i Uskedalen. Her er han i arbeid på Skorpo saman med Tore Ruud. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Frode Bu skriv i eit brev til kommunen at han no håpar på ein rask handsaming på byggeprosjektet sitt på Ytre Eik slik at ein kan stelle godt med innflyttarane til Kvinnherad. Han opplyser at fire innflyttarar og to hyttefolk håpar på ei rask og positiv avgjerd.**

Norgeshus Byggpartner Kvinnherad ved Frode Bu har fått utsleppsløyve for to hytter, eitt naust og inntil 10 bustader på eigedomen sin.

Av bustadene er åtte nye og to eksisterande og dei nye er inndelt i to byggjesteg med tre i det eine og fem i det andre.

Men det må og søkjast løyve etter plan- og bygningslova og etter hamne- og farvannslova og det er denne prosessen som no er i gang. Kommunen har påvist mangler ved søknaden og Bu har difor sendt over eindel dokumentasjon, mellom anna løyve frå Uskedal vassverk.

Han har mellom anna søkt om løyve til å leggja ut avløpsleidning til 20 meters djup, føre opp kai i naturstein til ein meters djup og leggja ut flytebyggjer og løyve frå Kystverket føreligg.

Med omsyn til renovasjon opplyser Bu at det er satt av 12 kvadratmeter for utplassering av bosspann til tømning for 15 brukarar. Hytteeigedommar leverer til interkommunale tømmestasjonar, Børnes eller Sanden. Forøvrig plasserast bosspann ved kvar brukseinheit.

Brannkum med ventil vil bli plassert godt tilgjengeleg i innkjørselen ved riksvegen og det blir maksimalt 240 meter slange for å nå alle husstandar.



Det er i dette området Frode Bu har byggeprosjektet sitt.